

Saksframlegg

Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

KOMMUNEDELPLAN FOR HUGLO. SLUTTHANDSAMING

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §11-15 å godkjenna kommunedelplan med arealkart og føresegner slik planen framgår av hovudrapport datert 22. november 2010.

Rådmannen, 01.12.2010

Trykte vedlegg:

1. Hovudrapport datert 22. november 2010, føresegner og arealkart.
2. Oversyn som viser innspel og resultat.

Utrykte vedlegg:

1. Brev med merknader i samband med høyringane
2. Delrapportar om strandsonekartlegging, kulturminne og ROS-analyse

Bakgrunn / faktiske opplysningar

Kommunedelplan Huglo er ei oppfølging av kommuneplan for Stord kommune 2004-2015 som vart godkjent i Stord kommunestyre i 2006. I løpet av kommuneplanprosessen kom det mange og omfattande innspel frå Huglo. På denne bakgrunn vart politisk semje om at det skulle utarbeidast ein kommunedelplan for Huglo for å vurdera nærare utviklinga av lokalsamfunnet. Prosessen kom i gong i 2006.

Kommunedelplanen er utarbeidd med konsekvensutgreiing etter ny plan- og bygningslov og ny forskrift om konsekvensutgreiingar. Planframlegget er basert på innspel frå dei ulike grunneigarane innanfor planområdet.

Stord formannskap vedtok i møte 2. sept. 2009 å senda på høyring forslag til kommunedelplan. Høyringsfrist vart sett til 2. november 2009. Det kom inn vel 20 motsegnspunkt frå fylkesmann og fylkeskommunen. Etter fleire møter, synfaringar og ei avgrensa ny høyring til berørte grunneigarar i samråd med fylkesmann og fylkeskommune, vart det avklart i oktober at motsegnspunkta vart trekt og at plandokumenta kunne klargjerast for slutthandsaming.

Etter høyringsfristen har det såleis gått mykje tid og ressursar til møte og tilleggsutgreiingar for å avklara grunnlaget for bortfall av motsegner.

Forslaget til kommunedelplan med føresegner og arealkart og delrapportar om strandsonekartlegging, kulturminne og kulturmiljø, ROS-analyse og vurdering av ulike innspel har vore lagt ut på kommunen si internettside, i Rådhuset, Folkebiblioteket i Kulturhuset og butikken på Huglo. Eitt eksemplar av forslag til kommunedelplan med føresegner og arealkart vart sendt grunneigarar som tidlegare har kome med innspel.

Nærare om plandokumentet og prosess

Sjølve planen består av ein hovudrapport med planskildring og konsekvensutgreiing, og ein arealdel med føresegner som vert juridisk bindande for utbygging og arealbruk på Huglo med tilhøyrande sjøareal. I tillegg er det utarbeidd ulike delrapportar for viktige tema, t.d. funksjonell strandsone, som legg grunnlaget for dei konklusjonane som er innarbeidd i hovudrapporten.

Planområdet omfattar øya Huglo, med tilhøyrande øy/øygrupper Storsøy, Storholmen, Rubbholmen og Tveitøyane.

Hovudmålsetjinga ved planarbeidet er å utvikla Huglo til eit robust, berekraftig og triveleg lokalsamfunn for fastbuande og vitjande. I planarbeidet er det lagt vekt på følgjande deltema:

- Arealdelen med særskilt fokus på område for bustader, fritidsbustader og næring
- Auka busetnad
- Utvikling av ny og eksisterande næringsaktivitet
- Gode oppvekstvilkår og offentleg service
- Betra infrastruktur (transport, IKT, kommunaltekniske anlegg mm)

Arealdelen i kommunedelplanen skal vera det overordna styrande dokumentet for all arealbruk på Huglo, og skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Planarbeidet er organisert som eit prosjekt med Stord kommune som oppdragsgjevar og oppdragsansvarleg med Akvator AS som prosjektleiar, og ei plangruppe med deltakarar frå ulike etatar i

Stord kommune og Huglo Bygdalag.

Det er om lag 85 personar som bur fast på Huglo pr 2009. Gjennomsnittsalderen er høg og folketalet har gått ned dei siste ti åra. Dette er faktorar som svekkar grunnlaget for næring og anna infrastruktur, som t.d. nærbutikk, skule og barnehage.

Det er kome inn over 50 innspel frå private i løpet av planprosessen. Desse er handsama både individuelt på grunneigarnivå og i samanheng med andre tilgrensande innspel. I vedlegg "Innspel til kommunedelplan Huglo" er innspela stutt omtala med opplysing om kva resultat innspelet har fått i planprosessen. Resultatet er vidare innarbeidd i arealdelen og i nødvendig grad i føresegnene.

Det har vore eit siktemål å leggja til rette for ei bygdeutvikling slik dei som "eig og driv" bygda ønskjer, innanfor rammene av ei berekraftig og planretta utvikling. Det er sett hovudfokus på revidering av arealdelen for å leggja til rette for arealføremål som fremjar utvikling av samfunnet. Viktige prinsipp som bruk og vern av strandsona, fleksibilitet i høve utvikling av nye bustad- og fritidsbustadområde, samt tilrettelegging for næringsaktivitet har vore hovudfokus for rulleringa av arealdelen.

Viktige tema innanfor samfunnsdelen definert i planprogrammet, er ivareteke i diskusjonar undervegs i prosessen, og har difor ikkje vore gjenstand for egne utgreiingar i denne planrulleringa. Tema oppvekst, rehabilitering, helse og omsorg vert teke i vare gjennom rullering av kommuneplan for Stord.

Planframlegget legg opp til ei fleksibel arealforvaltning for å kunna nå måla i planen. Kvalitetane som Huglo har i dag, er vidareført i planen, t.d. spreidd busetnad, store tomter, tilgong til sjø og store naturområde. Planutkastet opnar for m.a. fortetting i etablerte bustad- og fritidsbustadområde, at det innan definerte byggeområde kan byggjast inntil 3 einingar utan krav til reguleringsplan dersom konfliktnivået er lågt, sjøtilknytt næring og naust i strandsona. I slike tilhøve vil søkjar om eit fritidsbygg kunna sleppa ein tidkrevjande og ressursbrukande reguleringsprosess før byggesak kan fremjast. Hugloplanen har vore den første planen på kommuneplan nivå etter ny Plan- og bygningslov som regionale mynde i Hordaland har hatt til handsaming, noko som truleg har skapt ekstra utfordringar.

Parallelt med kommuneplanprosessen er det starta fleire viktige bygdeutviklingsprosjekt med fokus på å styrka Huglasamfunnet. Det er m.a. sett ned ei gruppe med representantar frå kommunen og busette på Huglo, som særskilt skal sjå på potensialet for auke i folketalet og bustadproblematikk på øya. Huglo er teke opp som hovudprosjekt i det regionale LivOGLyst programmet med mål om "bu- skaparlyst på Huglo".

Konsekvensar av planframlegget

Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå. Det er for ulike deltema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. For konkrete endringar i arealdelen i planframlegget er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreidd. På tiltaksnivå er deltema landbruk, kulturminne og biologisk mangfald særskilt vurdert. Det er nytta ein 3-delt skala for å angi konsekvens, positiv (+), inga (0) eller negativ (-) konsekvens av planutkastet. Konsekvensutgreiinga er gjennomført med grunnlag i tilgjengleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt egne synfaringar. Det er i tillegg utarbeidd ein strandsone rapport med kartlegging av 100-meters beltet og fastsetjing av funksjonell strandsone, som ligg som vedlegg til planen.

Planutkastet har både positive og negative konsekvensar for dei ulike deltema på overordna nivå og på tiltaksnivå. Det er hovudsakleg omsyn til landskap, strandsona og landbruk som gir ein del av tiltaka eit negativt preg. Ved fastsetjing av t.d. krav til plan, landskapstilpassing og byggeskikk, vil tiltaka i arealsamheng verta tilpassa dei lokale tilhøva. Tiltaka vil gi ein positiv effekt for Huglasamfunnet ved å auka attraktiviteten for fastbuande og fritidsreisande.

Planen legg fram vel 30 område med føremålsendringar frå gjeldande kommuneplan for Stord (2004-2015).

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing for heile planområdet innan ulike deltema. Planframlegget vil gjera det mogleg å utvikla Huglo både som ein plass å bu og som turistdestinasjon. Den fleksible arealforvaltninga som planen legg opp til, vil medverka til å gjera Huglo til eit stabilt

samfunn med kvalitetar knytt til spreidd busetnad, sjøtilknytning og store natur- og kulturområde. Det har og vore viktig å få avklaringar og føringar i kommunedelplanen som gjer at etterfølgjande planprosessar for mindre tiltak, frådelingar m.m. kan skje utan for omfattande planprosessar. Til dømes i er det føreslått at inntil tre bustader/hytter/naust i visse høve kan byggast utan krav om reguleringsplan.

Vurdering

Det er eit omfattande plandokument som no ligg føre der hovudvekta er lagt på arealdelen. Krava i ny plan- og bygningslov har også gjort planarbeidet meir omfattande. Samstundes er arbeidet med å revidera kommuneplanen godt i gang. Denne kommunplanrevisjonen vil bli samordna med kommunedelplanen for Huglo. Rådmannen sluttar seg til planframlegget og rår til at det vert vedteke slik det ligg føre.

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §11-15 å godkjenna kommunedelplan med arealkart og føresegner slik planen framgår av hovudrapport datert 22. november 2010.